

## ÅRSMELDING FOR 2023

### RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Styret 01.01.2023:

Leiar: Anne Grethe Høisæter

Nestleiar: Gunnhild Sæbø

Politisk representant : Jostein Saghaug

Camilla Stensletten

Anne Jorunn Åkra

Nestleiar Gunnhild Sæbø har ikkje møtt i 2023. Ny nestleiar vart vald på møtet 22.05.2023: Bård Steinkjer

Møte: 10

Saker:

- Organisering av barnekoordinator i Kvinnherad.
- Kvinnherad Arena: Omvising i april. Våre merknader: Heisen er for liten. Handikaptaolettet- halvvegg gjer at elektrisk rullestol for vaksne ikkje kjem seg inn på toalettet. Dørene er for tunge og det er for få automatiske døropnarar (det er no montert fleire automatiske døropnarar) Vi hadde og merknader til benkene utandørs si plassering i forhold til rullestolbrukarar.
- Rådet ønskjer brukarundersøking i Bu- og habiliteringstenesta.
- SAPT (syns- og audiopedagogisk teneste)Vestland, orientering om samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune.
- Orientering om velferdsteknologi i sektor for omsorg, helse og sosial.
- Orientering om kommuneplanen, Arealdel, Kvinnherad 2050.
- Rullestolrampe ved Opsangervatnet.

- Informasjon: Om omsorgslønnsordninga. Avlastning for barn og unge. SFO for barn med rett til avlastning etter Helse- og omsorgstenestelova.
- Presentasjon av Heradstun: Planlagt byggestart tidleg i 2024.
- Nye Husnes barneskule: Merknader frå rådet: Ute: Grusgangar fungerer dårleg for rullestolbrukarar. Må ha høve til å kunne køyre inntil inngang for menneske med nedsett gangfunksjon når det er snø etc. Var ikkje sett av midlar til leike-/aktivitetsapparat til barn med nedsett funksjonsevne. Inne: Manglande automatiske døropnarar (talet er auka etter møtet). Grupperom manglar direkte utgang til gang, ein må gå gjennom klasserom, noko som er uheldig for enkelte elevar. Berre eitt stellerom i småskulen. Manglar stellerom på storskulen.
- Orientering om den kommunale bustadforvaltinga.
- Informasjon om bustadtilskot, startlån og etableringstilskot. Rådet ønskte meir informasjon og vil ta det vidare opp.
- Mange av sakene frå handlingsplanen til rådet for 2019-2023 er fortsatt aktuelle og må følgjast opp vidare.

Møtet 11.12.2023: Nytt styre

Leiar: Bård Steinkjer

Nestleiar: Anne Jorunn Åkra

Politisk representant: Jostein Saghaug

Annette Furuberg

Sjur Tjelmeland